

Saksnr: 2022/14308-34**Saksbehandlar:** Åge Avedal**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		24.05.2022

Tilskot i Frivilligheitas år 2022, tildeling

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 500 000 kr med slik fordeling:

Søklar	Prosjekt	Tilråding
4H SOGN OG FJORDANE	4H Landsleir 2022	50 000
BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Frivillighetskonferanse	50 000
FJORDSTEAM BERGEN AS	Fjordsteam Bergen 2022	75 000
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV	Naturglede-dag på Skarvøy	25 000
HORDALAND FRIIDRETTSKRETS	Krafttak for frivillighetsrekruttering i friidretten	25 000
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND	Ei breiare og meir mangfaldig miljøørslle på Vestlandet - storsatsing i frivillighetsåret 2022	25 000
NFF SOGN OG FJORDANE	Kongleriket miniputt	25 000
NORGES FRIVILLIGSENTRALER	Sykkelturen 2022	50 000
VESTLAND FRIVILLIGSENTRALAR	Sykkelturen 2022 - Vestland	50 000
VESTLAND IDRETTSKRETS	Idrettskretsen sine markeringar av Frivilligåret 2022	50 000
VESTLAND INNVANDRERRÅD	Felles utfordringer - felles løsnings. - Hvordan bryte ned samfunnsskapt fordommer og holdninger gjennom frivilligheten?	50 000
VESTLAND MUSIKKRÅD	SAMSTEMT - konsert for frivilligheten	25 000
	SUM:	500 000

2. Følgjande søknader blir ikkje innvilga:

Søkjjar	Prosjekt	Tilråding
Actis Vestland	1."Livet som senior - eldre og klokere? 2. Konferanse i Stryn med politikere 3. Aktiviter for barn	-
FORENINGEN 2 FORELDRE	Rådgivningsseminaret	-
Frisklivssentralen Sogn, Sogndal kommune	Fjoratreff	-
Frisklivssentralen Sogn, Sogndal kommune	Sterk og stødig	-
HARDANGER HANDBAK KLUBB	Satsing på jenter i Handbak sporten	-
HORDALAND RØDE KORS	Frivillighetens år 2022- Røde Kors	-
KIRKENS SOS	Frivilligkonferanse for medarbeiderne i Kirkens SOS	-
NASJONALFORENINGEN FOR FOLKEHELSEN	VÅR DAG - Familiedag i Parken	-
Naustdal Fram	Markering av Frivilligheitas år 2022	-
NORGES HANDIKAP-FORBUND NORD VEST	Nye høyder for engasjementet blant frivillige	-
Norges Korforbund Sogn og Fjordane	Musikalprosjekt	-
Norsk revmatikerforbund Sogn og Fjordane Fylkeslag	Kampanjen Hjertesjekk	-
Proffene	Konserter ved boliger og dagsentre og boliger for mennesker m utviklingshemming	-
SFJ KRINS AV NORGES KFUK-KFUM SPEIDARAR	Storsamling på Nesholmen	-
SOGN OG FJORDANE TURLAG	Synleggjere frivilligheit, og rekruttere nye frivillige	-
STEMNEBØ TING	Frå fiskarbonden til ålmenta - kystkultur og friluftsliv	-
UTVANDRINGSSENTERETS VENNER	Utvandringsfestivalen 2022	-
VESTLAND GYMNASTIKK- OG TURNKRETS	Kurshelg og samarbeidsmøte i Vestland Gymnastikk- og turnkrets	-
VESTLAND SEILKRETS	Bergen Seilfestival 2022	-
VOKALENSEMBLET SKRIK	Vokalfest Bergen	-

Samandrag

Vestland fylkeskommune hadde motteke 32 søknader om tilskot til Frivilligheitas år ved fristen 31. mars. Det er søkt om i alt 2 326 958 kr i tilskot, og avdelingsdirektør tilrår at det blir løyvd 500 000 kr til i alt 12 tiltak og markeringar. Dei tilrådde søknadene treff godt på kriteria i ordningane og representerer god breidde i type aktivitet og geografi.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

Ronny Skaar
seksjonssjef
kunst- og kulturutvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg: Søknadar frivilligheitas år - med tilråding og grunngjeving

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde følgjande vedtak i sak 8/2022, i møte 16. februar 2022:

1. Vestland fylkeskommune lyser ut 500 000 kr i tilskotsmidlar til regionale tiltak og markeringar av Frivilligheitas år 2022 over heile fylket. Søknadsfristen for ordninga er 31. mars 2022.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtar retningslinjene for Tilskot til Frivilligheitas år 2022 slik dei er føreslått i vedlegget til saka.

Gjennom Frivilligheitas år 2022 er målet auka deltaking, å fjerne barrierar og synleggjere frivillig sektor si betydning. Mange frivillige organisasjonar, frivilligsentralar og kommunar har planlagt markeringar og tiltak dette året. Fylkestinget sette av 811 605 kr til Frivilligheitas år gjennom budsjett for 2022. Midlane skulle m.a. nyttast til å styrke frivillig sektor sine regionale markeringar og tiltak gjennom ei tilskotsordning, i tillegg til frivilligkonferanse, frivilligpris og synleggjeringsarbeid.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i møtet 16. februar 2022 at tilskotsordninga skulle gå til regionale markeringar og tiltak i Frivilligheitas år 2022 med mål om auka rekruttering, reduksjon av barrierar for deltaking, synleggjering av frivilligheita og styrka samarbeid mellom regionale frivillige organisasjonar. Avdelingsdirektør har lagt vekt på dette ved behandlinga av søknadene, og tilrår at det blir løyvd 500 000 kr, i tråd med vedtaket i hovudutvalet. Tilskotsordninga vart lyst ut i februar med søknadsfrist 31. mars.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2022:	Sum kr 811 605
Søknadsfrist:	31. mars 2022
Vedtak kriteria:	KULII 16.02.2022
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida
Tal på søknadar:	32
Tal på søknadar som vert tildelt støtte:	12
Samla søknadssum:	2 326 958 kr
Samla løyving:	500 000 kr

Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal gå til regionale markeringar av Frivilligheitas år 2022 i Vestland fylke. Tiltaka skal synleggjere frivilligheita, auke rekrutteringa og styrke samarbeidet mellom regionale frivillige organisasjonar.

Avdelingsdirektør sine overordna kommentarar til innstillinga

Det er god breidde i søknadene til tilskotsordninga, og det er søkt om midlar til mange gode tiltak og markeringar i regi av frivillige organisasjonar. Alle tilsegn vert gitt med føresetnad om at tiltaket vert gjennomført. Ein del av søknadene er lokale tiltak eller har avgrensa regional verdi. Det er kommunane som skal støtte lokale tiltak, og desse søknaden er derfor tilrådd avslag.

I søknadsbehandlinga har avdelingsdirektør lagt vekt på føremålet og kriteria i ordninga der det er sett mål om auka rekruttering, reduksjon av barrierar for deltaking, synleggjering av frivilligheita og styrka samarbeid mellom regionale frivillige organisasjonar. Det er slått fast at tilskotsordninga gjeld for regionale frivillige organisasjonar eller paraplyorganisasjonar med lokale lag/ledd i minst tre kommunar i Vestland. Lokale organisasjonar som ikkje er tilslutta ein regional organisasjon og som inviterer til større markeringar med breitt regionalt nedslagsfelt kunne også søkje på ordninga.

Vurderingskriteria

Søknadene er vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- 1) Tiltaket sin regionale verdi. Feiringar og markeringar med breitt geografisk nedslagsfelt blir prioritert.
- 2) I kva grad tiltaket er med å synleggjere frivilligheita i Vestland.
- 3) Om tiltaket har mål om auka deltaking, rekruttering av nye frivillige og reduksjon av barrierar for deltaking.
- 4) Om tiltaket vil styrke samarbeidet mellom regionale frivillige organisasjonar. Samarbeidstiltak mellom fleire regionale organisasjonar blir prioritert.

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men dess fleire av desse som er oppfylt, dess meir relevant er søknaden for ordninga. Fylkeskommunen har mål om at midlane blir godt fordelte geografisk og mellom organisasjonar innan ulike fagområde.

Det er vist til vurderingskriteria 1 til 4 i grunngjevingane som er lagt ved i saka.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. delegeringsreglementet punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det er sett av 811 605 kr til Frivilligheitas år i budsjettposten Ymse- barne- og ungdomsføremål i budsjett 2022. Fylkesdirektør vil nytte 500 000 kr av desse midlane i ordninga Tilskot i Frivilligheitas år 2022, i tråd med vedtak i KULII 16. februar 2022.

Klima:

Fylkesdirektør vil gjennom arrangementa i Frivilligåret 2022 ha særskilt merksemd rundt FN sine berekraftsmål.

Folkehelse:

Folkehelseoversikta i Vestland (2019-2023) viser at helsefremmande kvardagsarenaer aukar livskvalitet og meistring. Deltaking i frivillig arbeid gir sosial støtte, styrkar demokratiet og tilhøyrsla. I tillegg er det med på å førebygge einsemd og utanforskap.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 har relevante mål og strategiar som kan knytast mot Frivilligheitas år 2022, m.a.:

- mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- strategi 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar
- mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping
- strategi 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn

Frivilligstrategi for Vestland 2021-2022 har Frivilligheitas år som eit viktig tiltak. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR, har sett mål om styrka frivilligheit.

Konklusjon

Gjennom Frivilligheitas år 2022 vil Vestland fylkeskommune vere med å løfte og styrke frivilligheita og organisasjonslivet i Vestland. Avdelingsdirektør vil gjennom tilskotsordninga støtte regionale markeringar og tiltak i Frivilligheitas år 2022 med mål om auka rekruttering, reduksjon av barrierar for deltaking, synleggjering av frivilligheita og styrka samarbeid mellom regionale frivillige organisasjonar. Avdelingsdirektør tilrår å løyve 500 000 kr fordelt på 12 søkjarar i ordninga.